



Mannsvatnet slik det slik det tek seg ut no.

**NVE foreslår for Olje- og energidepartementet at Tverrelvaprojektet får grønt lys og at det vert gjeve løyve til regulering av Mannsvatnet med 1 meter. Dette er det største av dei 3 kraftprosjekta i Uskedalen med ein produksjon på rundt 20 GWh.**

**Det vert anbefalt at Tverrelva kraft AS (SKL) får løyve til å byggja anlegget med vassveg i tunnel frå inntaktsdammen og til tunnelpåhogget og vidare som nedgrave rørygate ned til kraftstasjonen i dalen.**

**NVE meiner at føremunane og nytta av å gjennomføra tiltaket er større enn skadane og ulempene for allmenne og private interesser.**

Kraftverket vil utnytte fallet mellom Mannsvatnet på kote 566 og stasjonen på kote 30.

Kommunen, Venstre og fylkeskommunen er alle positive til tiltaket og fylkesmannen har ingen spesielle merknadar.

Naturvernforbundet, Bergen turlag og Kvinnherad turlag er kritiske mot regulering av Mannsvatnet på grunn av INON-tap, friluftsliv og biologisk mangfald. Kvinnherad turlag er også kritisk til byggjing av veg og etterspør alternativ adkomst.

NVE legg vekt på at tiltaket vil styrka næringsgrunnlaget i Uskedalen og at det plasserast i eit område som tidlegare har vore regulert og utnytta til kraftproduksjon. Ulempene vil kunne avbøtast i stor grad med bestemte vilkår, god detaljplanleggjing og tilstrekkeleg minstevassføring heile året.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen. Foto: Kristian Olav Bringedal